
Vår referanse 2021/636-9
Dato 19.07.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - riving eksisterande våningshus/oppføring nytt våningshus - gnr 243 bnr 5 - Vassel - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad om uttale til dispensasjonssøknad, datert 22.06.2021. Søknaden gjeld løyve til riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt.

Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som er definert som LNFR-føremål i kommuneplanen sin arealdel. Eigedomen ligg og innanfor omsynssone H510 - landbruk, og H710 - bandleggingssona til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, jf. KDP for Lindås pkt. 4.3.1.

Uttale

Det vert i brevet frå kommunen opplyst om at tiltaket ikkje treng dispensasjon frå arealføremålet. I nabovarselet var det og varsla om ny avkøyrsløse til fylkesvegen. Det var og søka om endra avkøyrsløse til Vestland fylkeskommune. Men dette er ikkje lengre aktuelt då søkar vil oppretthalde eksisterande avkøyrsløse, medan intern tilkomstveg vert endra.

Vestland fylkeskommune, ved infrastruktur og veg, har ingen merknadar til om det vert gjeve løyve til riving av eksisterande og oppføring av nytt våningshus.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift